



Knut Inge Eidsvik og Harald Myre er klare til å ta i mot uskedelingane i styrkerommet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vil bli lagt stor vekt på sikkerheit under drifta av det nye styrkerommet, understrekar styreleiar for Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit.**

Hensynet til sikkerheit er til dømes ein av grunnane til at det vil bli operert med ein aldersgrense på 16 år, som vil bli praktisert strengt.

- Ein annan grunn til denne grensa, som er vanleg i slike rom, er sjølvstøtt det anatomiske aspektet, seier Tveit. Han legg til at det heller ikkje blir tillete for unge å koma inn i rommet i selskap med vaksne for å trenast

- Kva med opplæring i bruken av apparata?

- Dette er også eit viktig punkt. Folk som planlegg å kjøpa kort og bruka rommet framover har trong for ein viss opplæring i bruken av apparata. Dette handlar også i høg grad om sikkerheit - ein må ha ein viss kunnskap om korleis apparata fungerer for ikkje å skada seg.

Torsdag klokka 18 er både Knut Inge Eidsvik og Harald Myre til stades i rommet og dei vil då kunne gje dei som kjem ei innføring i bruken, seier leiar Tveit.

Ein vil kunne kjøpa treningskort i løpet av veka, men desse vil ein ikkje kunne bruka før måndag. Korleis ein kan kjøpa og bruka treningskorta står i ei tidlegare melding her på sida.

Av Ola Matti Mathisen